

Eninvest AS inngår samarbeidsavtale med Netlife AS om Sikker Lagring

Fredag 23. oktober inngår Eninvest AS avtale med Netlife AS om levering av lagringstenester for breibandskunder. Eninvest AS vil om kort tid lansere denne tenesta for alle sine privatkunder på breiband.

Eninvest AS vil under Førde Industri- og Næringsssamskipnad (FINS) sitt bransjeseminar på Sunnfjord Hotell presentere det nye samarbeidet med Netlife AS. Seminaret byrjar kl. 12:00.

I etterkant av innlegget til Eninvest vil Nandor Helgheim (dagleg leiar Eninvest AS) og Knut Andreas Tefre (dagleg leiar Netlife AS) vere tilgjengelege for dei som er interesserte i å ta ein prat om samarbeidet og det nye produktet.

Netlife AS er eit IT-selskap som er grunnlagt av 3 gründerar frå Førde, Knut Andreas Tefre, Frode Solheim og Erik Stian Tefre. Netlife AS held i dag til i Trondheim, har 19 tilsette, og har store nasjonale kunder, deriblant Elite Foto og Telenor.

Eninvest AS leverer breibandtenester til private, bedrifter og det offentlege i Sogn og Fjordane.

Samarbeidet mellom Eninvest og Netlife fører med seg at kundane hos Eninvest får tilgang til ei ny og spanande teneste, Eninvest Sikker Lagring. Med denne tenesta kan kundane lagre og ta backup av personleg informasjon i form av tekst, bilete, film og musikk på sikre serverar som er drifta av Netlife. Det er enkelt, oversiktlig, trygt og fleksibelt. Dei som har lagra mykje av dei digitale bilda sine på PC, CD, DVD, minnekort eller eksterne harddiskar vil sette stor pris på Eninvest Sikker Lagring. Denne tenesta gjer at kundane slepp å bekymre seg for å ta backup av filene sine, Eninvest Sikker Lagring tar automatisk backup av alle mapper som kunden har definert på førehand. Gjennom Eninvest Sikker Lagring vil kundane også få tilgang til alle filene sine uansett kvar og korleis ein er tilkople internett. Enklare og tryggare kan det ikkje bli!

Kontaktpersonar:

Eninvest AS: Nandor Helgheim, 57 00 91 11, nandor.helgheim@eninvest.no

Netlife AS: Knut Andreas Tefre, 92 22 31 00, knut.tefre@netlife.no

Med venleg helsing

Stig Myrmel

Produktansvarlig

Eninvest AS

Tlf: 5700 9130

E-post: stig.myrmel@eninvest.no